

Overordna risikoanalyse for gjester på reisemålet Suldal – 2026

Føremål

Analysen skal identifisere dei viktigaste risikoane gjester kan bli utsette for under opphald i Suldal, og vise kva tiltak som er etablerte eller bør følgjast opp for å redusere risiko. Analysen er eit overordna dokument. For aktivitetar, arrangement og verksemdar med særskilt risiko blir det vist til eigne risikovurderingar og beredskapsplanar.

Revisjon

Sist revidert: 2026

Ansvarleg: Destinasjonsleiinga for Suldal v/Næringsshagen i Ryfylke

Gjennomgang: årleg, eller ved vesentlege endringar i aktivitetstilbod, infrastruktur eller risikobilete.

Område	Risiko/uønskt hending	Risikonivå	Tiltak	Ansvar/oppfølging	Kommunikasjon til gjester/næring/publikum
Trafikk og transport – rv 13 og øvrig vegnett	Trafikkulykker på smale, krevjande eller rasutsette vegar. Vegarbeid kan gi anleggstrafikk, redusert framkome, ventetid og mellombelse stengingar. Gjester kan også bli forseinka eller isolerte ved vegbrot/naturhendingar.	Høg	Følgje utviklinga i rassikringsprosjektet rv. 13 Lovraeidet–Rødsliane og vidareformidle aktuell informasjon om vegarbeid, stengingar, ventetid og trafikkregulering til gjester og næring. Oppmode gjester til å berekne ekstra reisetid og sjekke oppdatert trafikkinformasjon før avreise.	Statens vegvesen / Suldal kommune / Visit Suldal / Suldal Næringsforening	Statens vegvesen/trafikkinformasjon, Visit Suldal, turistkontor, Suldal Næringsforening og reiselivsbedrifter
Tunnellar og mjuke trafikantar på veg	Ulykker i tunnel som følgje av låg synlegheit, smal vegbane og møtande trafikk. Syklistar og gåande er særleg sårbare. Brann eller annan hending i tunnel kan gi utfordringar med evakuering og redning.	Høg	Følgje Statens vegvesen sitt arbeid med oppgradering, lys og tryggleik. Informere om tunnelar, eventuelle sykkelforbod/alternative ruter og behov for lys og refleks. Ha merksemd på tryggleik for syklistar langs rv. 13 og andre smale vegar.	Statens vegvesen / Suldal kommune / Visit Suldal / Suldal Næringsforening	Visit Suldal, turistkontor, reiselivsbedrifter og vidareformidling av Statens vegvesen si trafikkinformasjon
Fjellferdsel	Gjester går seg vill, manglar rett utstyr eller erfaring, eller blir overraska av vær og forhold i fjellet.	Middels/høg	Oppdaterte turkart og turinformasjon, merking, fjellvett og informasjon om vær og lokale forhold. Kommunisere faremoment slik at gjesten kan ta informerte val.	Suldal kommune / Visit Suldal / turlag / relevante aktørar	Visit Suldal, turistkontor, digitale kanalar, oppslag og reiselivsbedrifter
Skred, flaum og ekstremvær	Kraftig nedbør, flaum, snøskred, jord-/flaumskred, steinsprang eller raske vêromslag kan gi personskade, stengde vegar og isolerte gjester.	Høg	Følgje og vidareformidle offentlege farevarsel. Informere næring og gjester om stengde vegar, frårådd ferdsel og andre tryggleikstiltak. Følgje kommunen sine beredskaps- og kommunikasjonsrutinar ved større hendingar.	Suldal kommune / NVE og andre myndigheiter / Statens vegvesen / Visit Suldal	Varsom/NVE, trafikkinformasjon, kommune, Visit Suldal og reiselivsbedriftene
Mobildekning og tilgang til redning	Gjester får ikkje varsla om ulykke eller hjelp kjem seint i område med svak dekning og lang responstid.	Middels	Informere om at enkelte natur- og fjellområde har svak eller manglande mobildekning. Oppmode til god turplanlegging og relevante tryggleiksrutinar.	Visit Suldal / aktivitetstilbydarar / relevante beredskapsaktørar	Turinformasjon, turistkontor og direkte informasjon frå aktivitetstilbydar
Elv, fiske og aktivitet ved vatn	Fall i elv, sterk straum, drukning eller ulykke ved fiske og annan aktivitet i eller nær vatn.	Høg	Informasjon om trygg ferdsel, bruk av redningsvest der det er relevant, tilgjengeleg redningsutstyr, tryggleiksinformasjon før aktivitet og eigne beredskapsrutinar hos aktivitetstilbydarar.	Aktivitetstilbydarar / elveeigarar/Suldal Røde Kors / Suldal kommune	Informasjon før aktivitet, skilting, Visit Suldal og bedriftene

Suldalslågen – regulert elv og flaum	Endringar i vassføring, flaum eller reguleringsforhold kan gi auka risiko for gjester som oppheld seg ved eller i elva, mellom anna fiskarar.	Låg/middels	Følgje varsel og informasjon frå Statkraft om flaum, vassføring og reguleringsforhold. Vidareformidle relevant informasjon til gjester og næring ved behov.	Statkraft / Suldal kommune / Visit Suldal / relevante elve- og reiselivsaktørar	Statkraft sine varsel, Visit Suldal, turistinformasjon og aktuelle bedrifter/elveaktørar
Bading	Drukning eller skade som følgje av straum, kulde, dårlege forhold eller manglande symjeferdigheiter.	Middels/høg	Informasjon om badevett, redningsutstyr og bruk av eigna/tilrettelagde badeplassar.	Suldal kommune / grunneigar / Visit Suldal	Skilt, Visit Suldal og turistinformasjon
Is og regulerte vatn	Ferdsel på utrygg is. Regulering av vatn kan påverke isforhold og gjere dei mindre føreseielege.	Middels/høg	Vidareformidle informasjon frå kraftselskap og myndigheiter om utrygg is og aktuelle forhold. Fråå ferdsel der tryggleiken ikkje er dokumentert.	Kraftselskap / Suldal kommune / Visit Suldal	Oppslag, digitale kanalar og relevant informasjon frå kraftselskapa
Brann og open eld	Bål, grill eller annan open eld kan føre til gras-, lyng- eller skogbrann, særleg i tørre periodar.	Middels	Informere om generelt bålforbod, lokale restriksjonar og ansvarleg bruk av eld. Vidareformidle eventuelle skjerpa restriksjonar.	Suldal kommune / brannvesen / Visit Suldal / bedrifter	Visit Suldal, Suldal kommune, digitale kanalar, informasjonsskjermar og reiselivsbedrifter
Turistkontor og laksestudio	Sjukdom, fall, brann eller andre hendingar blant gjester.	Middels	Førstehjelpskompetanse, førstehjelpsutstyr, nødnummer, merkte rømningsvegar og enkel beredskapsplan. Årleg gjennomgang av rutinar med vertane.	Næringshagen i Ryfylke / Visit Suldal	Opplæring av vertskap og oppslag på besøksstadene
Arrangement	Personskade, brann, matforgifting, rusrelaterte hendingar, ekstremvær eller andre beredskapshendingar.	Varierer	Eigne risikovurderingar og beredskapsplanar for større arrangement. Relevant informasjon skal vere tilgjengeleg for publikum, utstillarar og involverte aktørar.	Arrangør / kommune / aktuelle beredskapsaktørar	Arrangementssider, oppslag og informasjon før/under arrangement
Kommersielle aktivitetar	Ulykker under aktivitetar som inneber særskilt risiko for deltakarane.	Varierer	Aktivitetstilbydar skal ha eiga risikovurdering, tryggleiksrutinar og beredskapsplan. Destinasjonsleiinga skal bidra til å formidle relevant informasjon og stimulere til kvalitetssikring	Den enkelte verksemd / destinasjonsleiinga	Direkte informasjon frå tilbydar, bransjekanalar og Visit Suldal
Nye aktivitetar og besøksmål	Nye aktivitetar eller endringar i besøksmønster skapar risiko som ikkje tidlegare er vurdert.	Varierer	Risiko skal vurderast før nye aktivitetar eller vesentlege endringar blir sette i drift. Den overordna analysen blir oppdatert dersom det oppstår nye risikoforhold av betydning for gjestene.	Tiltakseigar / destinasjonsleiinga / relevante myndigheiter	Tilpassast den aktuelle aktiviteten

Felles prinsipp for oppfølging og kommunikasjon

Kommunikasjon ved hendingar

Destinasjonsleiinga etablerer ikkje parallelle varslingsystem der ansvarlege myndigheiter allereie har dette. Visit Suldal, Suldal Næringsforening og reiselivsbedriftene skal ved behov bidra til å vidareformidle relevant og kvalitetssikra informasjon til gjester og næring.

Årleg gjennomgang med sommarvertane

Som del av opplæringa av sommarvertane i Visit Suldal blir sentrale risikoforhold for gjester gjennomgått før sommarsesongen. Dette omfattar mellom anna trygg ferdsel i fjell og natur, trafikk og tunnelar, ferdsel ved elv og vatn, brannfare, førstehjelp og beredskap, samt kvar vertane finn oppdatert informasjon og offentlege varsel.

Intern forvaltning og årleg oppfølging

Risikoanalysen blir lagra i verksemda sitt digitale system for rutinar, planar og arbeidsoppgåver, og inngår som del av Suldalsstandarden for interne tilsette. Ansvarleg person skal minst ein gong årleg kontrollere at analysen er oppdatert, at relevante tiltak og informasjonskjelder framleis er gjeldande, og at tilsette har tilgang til siste versjon. Analysen skal også reviderast ved vesentlege endringar i aktivitetstilbod, infrastruktur eller risikobilete.

Forholdet til anna beredskapsarbeid

Analysen er ein overordna risikoanalyse for gjester på reisemålet og erstattar ikkje kommunen sitt beredskapsplanverk eller verksemdene og aktivitetstilbydarane sine eigne risiko- og beredskapsvurderingar.